

Oppretting av "tenketank"

STAVANGER: I Rogaland og Hordaland er en i gang med veien videre etter utviklingsprosjektet Kreativt OppvekstMiljø (KOM!).

KOM! Rogaland/Hordaland vart avslutta ved årsskiftet 2008/2009. Etter tre vellukka år med godt arbeid både i dei einskilde deltakarskulane, referansegruppa og plangruppa, var tida komen for å tenkja KOM – VIDARE.

Dei som ”tok opp hansken” var medlemmene i referansegruppa for prosjektet som vart samde om å halda fram med arbeidet, ikkje som ei KOMI-gruppe, men som ei kompetanseutviklingsgruppe/”tenketank”/fora for idéutveksling i arbeidet med den estetiske dimensjonen på ulike nivå innanfor opplæring/utdanning i vår region.

Med i denne referansegruppa er no representantar frå: Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Hordaland, Norsk kulturskoleråd - Rogaland, Norsk kulturskoleråd - Hordaland, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord Haugesund, Universitetet i Stavanger, KS i Rogaland og Hordaland, to representantar for skuleeigarane og Rikskonsertane.

Gruppa arbeider allereie med konkrete tiltak, noko vi kjem attende til etter kvart som dei einskilde tiltaka vert realiserte.

Tekst: [<mailto:anders.aabo@kulturskoleradet.no>]Anders Aabø (utlagt: 22.04.2009)